



Skjelevika friluftsområde

Friluftsområdet

Skjelevika er ei idyllisk badeplass med grasmark, badefjøre, svaberg og stup Brett. Gangveg frå parkeringsplassen og ned til badevikane. Skjelevika er og ei fin uthamn, området er skilta som friluftsområde frå sjøsida, og det er plassert ut fortøyningsboltar langs svaberga.

Friluftsliv i Fusa

Fusa kommune har lang kystline mot fjorden, men fjella og dei fiskerike vassdraga gjer og kommunen spesiell i friluftslivssamheng. Til dømes er Skogseidvatnet vidgjete for den store røyebestanden, og heile Sævareidvasdraget er eit eldorado for fiskeinteresserte. Fleire vatn er veleigna for kano- og kajakkurar.

Friluftsrådet driv Hagafjøre friluftsområde i Eikelandsosen, Skjelevika i Strandvik og Peraneset i Fusa. Vinnesholmen er og eit mykje nytta friluftsområde, der stiftinga har ansvaret for drift av området. Bygdastølen ski og turområde er og mykje nytta både sommar og vinter. Kommunen har og fleire interessante verneområde.

Skjergardstenesta

Personellet og båtane til Skjergardstenesta passar på at friluftsområda vert stelte og sette i stand slik at dei alltid er attraktive for brukarane. Renovasjonsordningar i friluftsområda er ressurskrevjande og BOF har valgt å ikkje ha bosspann i Skjelevika friluftsområde. Du kan bidra ved å ta med ditt eige boss heim. Då får Skjergardstenesta meir tid til å vedlikehalde og ruste opp friluftsområda.



Ordensreglar

- Med telt kan du fritt overnatte same stad i utmark inntil to døgn i låglan- det, men reis ikkje telt nærare enn 150 meter frå hus eller hytte.
- Ver varsam med eld, hugs at du ikkje skal tenne bål i nærleiken av skogsmark i tida 15. april til 15. september.
- Sett ikkje eingongsgrill direkte på bryggje, bert fjell eller gras.
- Dersom du lagar bål i strandkanten, ikkje legg bålplassen rett på svaberg slik at berget sprekk.
- Det er generell bandtvang etter hundelova f.o.m 1. april til 20. august.
- Ver vennleg å la livbøyene hengja i fred, slik at dei er i god stand om det vert bruk for dei.
- Hugs å ta med ditt eige boss heim!

Bergen og Omland Friluftsråd

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) vart etablert i 1937 og har til oppgave å sikre, legge til rette og stå for dagleg drift av bade og friluftsområde i Bergensregionen. BOF forvaltar over 190 sjønære badeplassar og friluftsområde i 15 medlemskommunar.

Kontakt oss for meir informasjon om friluftsområde, badeplassar, hus i kystleia, turar langs kyststigar, uthamner og område for padling med havkajakk og kano. Websidene våre har informasjon for kvar ein type friluftaktivitet, med detaljkart, bilete og brosjyrar.

 **Bergen og Omland Friluftsråd**

Hellebakken 45, 5039 Bergen

Tlf. 55 39 29 50

Faks. 55 39 29 59

E-post: Firmapost@bof.no

Nettsider: www.bof.no